



Knut Skare
Hellebakken 36
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1676 - 14/3934

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
26.02.2014

Vedk veg til hytteeigedom gbnr 84/18 over gbnr 84/5 Kvalvågnes

Viser til din førespurnad 24.10.2013 og til fleire purringar.

Sjølv om teikningane av vegen viser 3 m breidde heilt fram til hytteeigedommen din, har føresetnaden frå kommunen si side heile tida vore at bilvegen endar ved felles parkeringsplass. Det går fram av teksten både i vilkår nr 4 for dispensasjon i formannskapet si sak 009/00 frå møte 20/01-2001 og vilkår nr 4 i det delegerte vedtaket om ramme- og igangsettingsløyve datert 23.10.2000 (identiske vilkår):

4. Frå snuplassen og fram til hyttene skal det berre tilretteleggast gangveg.

Som oppfølging av dette siste vedtaket vart det sendt inn nye dokument, mottekne 15.11.2000, som omfattar tverrprofil fram til parkeringsplassen, lengdeprofil heilt til tomtegrensa di, og situasjonsplan, som framleis viser full breidde på vegen frå parkeringsplassen til hytteeigedommen. Men strekninga frå parkeringsplassen fram til gbnr 84/18 er markert med kulepenn med teksten «gangveg/sti». Det går ikkje fram om teksten er påført av søkar eller av kommunen. Det er uansett i samsvar med dei to vedtaka som er gjort i saka.

I vedtaket i byggesaka for fritidsbustad/naust/kai/svømmebasseng på gbnr 84/18, datert 25.08.2000, er temaet veg/parkering tema teke inn i vilkåra i løyvet:

7. Det må leggjast fram erklæring frå eigar av gnr 84 bnr 5 om rett til biloppstillingsplass for minst to bilar. Avkjørsle frå offentleg veg må vera godkjend av vegstyresmakta, (pbl § 66.1)

Dette vedtaket er gjort før det siste vedtaket i vegsaka, og viser at temaet bilveg/ parkering/ gangveg/ har vore gjennomgåande. Sjølv om du som ansvarleg søkar og tiltakshavar har ønskt kjøreveg heilt fram til hytta di, seier dei kommunale vedtaka at det skal vera felles gangveg fram til hyttene, og det må gjelda alle

hyttene. Du har også signert på ein tinglyst avtale datert 15.10.2000, som gjev eigedommen rett til gangsti over gbnr 84/5.

Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å hevda at kommunen har godkjent kjøreveg fram til hytteeigedommen.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Petter Kaurel

Strangehagen 26 5011

BERGEN

Mottakarar:

Knut Skare

Hellebakken 36 5039

BERGEN